

KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/65/28

av 28. april 2011

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av EU-miljømerket til tekstilvaskemiddel

[meld under nummeret K(2011) 2815]

(2011/264/EU) (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010 av 25. november 2009 om EU-miljømerket⁽¹⁾, særleg artikkel 8 nr. 2,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 kan EU-miljømerket tildelast dei produkta som har ein redusert miljøverknad gjennom heile livssyklusen sin.
- 2) I forordning (EF) nr. 66/2010 er det fastsett at det skal innførast særlege kriterium for tildeling av EU-miljømerket for kvar produktgruppe.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 1999/476/EF⁽²⁾ vart det innført miljøkriterium og tilhøyrande krav til vurdering og kontroll for tekstilvaskemiddel. Etter revisjonen av dei kriteria som er fastsette i det nemnde vedtaket, vart det ved kommisjonsvedtak 2003/200/EF⁽³⁾ innført reviderte kriterium som er gyldige fram til 30. april 2011.
- 4) Desse kriteria er vortne reviderte på nytt i lys av den teknologiske utviklinga. Revisjonen viser at definisjonen av produktgruppa må endrast ved å leggje til ei ny undergruppe av produkt, og ved å fastsetje nye kriterium. Dei nye kriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken.

- 5) Av omsyn til klarleiken bør vedtak 2003/200/EF bytast ut.
- 6) Det bør innførast ein overgangsperiode for produsentar som har fått tildelt miljømerket for tekstilvaskemiddel på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/200/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse produkta sine til å verte i samsvar med dei reviderte kriteria og krava. Produsentar bør òg kunne sende inn søknader på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/200/EF, eller på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda, fram til det nemnde vedtaket sluttar å gjelde.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 16 i forordning (EF) nr. 66/2010 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Produktgruppa «tekstilvaskemiddel» skal omfatte: tekstilvaskemiddel og flekkfjernerar til førebehandling, anten dei er i pulverform, flytande form eller anna form, som hovudsakleg vert marknadsførte og nytta til vasking av tekstilar i hushaldsvaskemaskiner, utan at dette utelèt bruk i myntvaskeri og fellesvaskeri.

Flekkfjernerar til førebehandling omfattar flekkfjernerar til bruk direkte på tekstilflekker (før maskinvask), men ikkje flekkfjernerar som vert tilsette i vaskemaskina, eller flekkfjernerar som er meinte til annan bruk enn førebehandling.

Denne produktgruppa omfattar ikkje produkt som vert tilsette ved hjelp av berestoff, t.d. i form av tekstilstoff eller andre materiale, eller andre vaskehjelpemiddel som vert nytta utan etterfølgjande vask, t.d. flekkfjernerar for teppe og møbelstoff.

Artikkel 2

1. I denne avgjerda tyder:
 - 1) «storvaskemiddel» vaskemiddel som vert nytta til vanleg vask av kvite tekstilar ved alle temperaturar,

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 111 av 30.4.2011, s. 34, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 201/2012 av 26. oktober 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 6 av 24.1.2013, s. 19.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 187 av 20.7.1999, s. 52.

⁽³⁾ TEU L 76 av 22.3.2003, s. 25.

- 2) «kulørtvaskemiddel» vaskemiddel som vert nytta til vanleg vask av kulørte tekstilar ved alle temperaturar,
- 3) «finvaskemiddel» vaskemiddel som er meinte for fine tekstilar,
- 4) «stoff» eit grunnstoff og sambindingar av dette, i naturleg form eller framstilt ved ein produksjonsprosess, medrekna eventuelle tilsetjingsstoff som er naudsynte for å bevare produktstabiliteten, og eventuelle ureinsker som kjem frå prosessen som er nytta, men omfattar ikkje løysemiddel som kan skiljast ut utan at det påverkar stabiliteten til stoffet eller endrar samansetnaden av det.

2. For føremåla med nr. 1 punkt 1) og 2) skal eit vaskemiddel reknast anten som eit storvaskemiddel eller eit kulørtvaskemiddel, bortsett frå når vaskemiddelet hovudsakleg er meint for og marknadsført til bruk på fine tekstilar.

For føremåla med nr. 1 punkt 3) skal flytande vaskemiddel til vanleg vask av kvite og kulørte tekstilar ikkje reknast som finvaskemiddel.

Artikkel 3

For å kunne få tildelt EU-miljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010 må eit tekstilvaskemiddel eller ein flekkfjerner til førebehandling høyre inn under produktgruppa «tekstilvaskemiddel» slik det er definert i artikkel 1 i denne avgjerda, og oppfylle dei kriteria og tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 4

Kriteria for produktgruppa «tekstilvaskemiddel» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fire år frå den datoen denne avgjerda vert teken.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «tekstilvaskemiddel» tildelt kodennummeret «6».

Artikkel 6

Vedtak 2003/200/EF vert oppheva.

Artikkel 7

1. Som unntak frå artikkel 6 skal søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «tekstilvaskemiddel», som er sende inn før den datoen denne avgjerda vert teken, vurderast i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2003/200/EF.

2. Søknader om tildeling av EU-miljømerket til produkt som er omfatta av produktgruppa «tekstilvaskemiddel», som er sende inn etter den datoen då denne avgjerda vart teken, men seinast 30. april 2011, kan vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/200/EF, eller dei kriteria som er fastsette i denne avgjerda.

Desse søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei bygger på.

3. Dersom miljømerket er tildelt på grunnlag av ein søknad som er vurdert ut frå dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/200/EF, kan det nyttast i tolv månader frå den datoen då denne avgjerda vart teken.

Artikkel 8

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 28. april 2011.

For Kommisjonen

Janez POTOČNIK

Medlem av Kommisjonen

VEDELEGG

MÅLSETJING

Føremålet med kriteria

Kriteria skal særleg fremje produkt som har ein redusert verknad på økosystem i vatn, som inneheld ei avgrensa mengd farlege stoff, og som har gjennomgått ei prøving av ytinga si. Kriteria tek òg sikte på å redusere energiforbruket ved tekstilvask ved å fremje produkt som verkar ved låge temperaturar.

KRITERIUM

Kriteria er fastsette for kvart enkelt punkt nedanfor:

1. Krav til dosering
2. Giftverknad for vassorganismar: kritisk fortynningsvolum (CDV)
3. Evne til biologisk nedbryting hjå organiske stoff
4. Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang
5. Krav til emballasje
6. Vaskeevne (dugleik)
7. Poeng
8. Forbrukaropplysning
9. Opplysningar på EU-miljømerket

1. Vurdering og kontroll:a) *Krav*

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Dersom det er mogleg, bør prøvingane utførast av laboratorium som oppfyller dei generelle krava i standarden EN ISO 17025 eller ein tilsvarende standard.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er oppførte under kvart kriterium, dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Tillegg I viser til databasen for delemne i vaskemiddel (DID-lista), som inneheld dei delemna som er mest nytta i vaskemiddelsamansetnader. Denne lista skal nyttast ved utrekning av kritisk fortynningsvolum (CDV) og til vurdering av evna til biologisk nedbryting hjå delemna. For stoff som ikkje er oppførte i DID-lista, finst det retningslinjer for korleis relevante data kan reknast ut eller ekstrapolerast. Den siste utgåva av DID-lista er tilgjengeleg frå nettstaden for EU-miljømerket eller via nettstadene til dei einskilde rette organa.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

b) *Målegrenser*

Stoff som er nytta i ein konsentrasjon på over 0,010 vektprosent av stoffblandinga, skal oppfylle miljøkriteria.

Konserveringsmiddel, fargestoff og duftstoff skal oppfylle kriteria utan omsyn til konsentrasjon, bortsett frå når det gjeld kriterium 4 bokstav b) om stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang.

«Innhaldsstoff» er definert som alle stoff i produktet, medrekna tilsetjingsstoff (t.d. konserveringsmiddel eller stabilisatorar) i delemna. Ureinsker som stammar frå produksjonen av råmateriale, og som finst i konsentrasjonar på over 0,010 vektprosent i den endelege samansetnaden, skal òg oppfylle kriteria.

Dersom doseringsretteleinga på emballasjen inneheld spesifikasjonar for både førevask og hovudvask (i tillegg til ein normalvask), skal den samla doseringa (førevask + hovudvask) òg oppfylle miljøkriteria.

Dersom produktet har ein vassløyseleg folie som ikkje skal fjernast før vasken startar, må folien reknast som ein del av produktsamansetnaden i alle krav.

2. Funksjonell eining

Den funksjonelle eininga for denne produktgruppa skal uttrykkjast i g/kg vask (gram per kilo vask).

3. Referansedosering

For «storvaskemiddel» og «kulørtvaskemiddel» er den doseringa som produsenten rår forbrukarane til å nytte ved ein vasshardleik på 2,5 mmol CaCO₃/l og «normalt skitne» tekstilar, rekna som referansedosering for utrekning av miljøkriterium og for prøving av vaskeevne. For storvaskemiddel og kulørtvaskemiddel er dette den doseringa som er utrekna per 4,5 kg tøy (tørre tekstilar) i vaskemaskina.

For «finvaskemiddel» er den doseringa som produsenten rår forbrukarane til å nytte ved ein vasshardleik på 2,5 mmol CaCO₃/l og «lett skitne» tekstilar, rekna som referansedosering for utrekning av miljøkriterium og for prøving av vaskeevne. For finvaskemiddel er dette den doseringa som er utrekna per 2,5 kg tøy (tørre tekstilar) i vaskemaskina.

Dersom det vert opplyst om tilrådd dosering for andre tøymengder enn det som er nemnt ovanfor, må den referansedoseringa som vert nytta til utrekning av miljøkriterium, like fullt svare til den gjennomsnittlege tøymengda. Dersom ein vasshardleik på 2,5 mmol CaCO₃/l ikkje er relevant i medlemsstatane der vaskemiddelet vert marknadsført, skal søkjaren fastsetje doseringa som skal nyttast som referanse.

Krav til vurdering og kontroll av nr. 2. Funksjonell eining og nr. 3. Referansedosering: Den fullstendige samansetnaden til produktet, med opplysningar om handelsnamn, kjemisk nemning, CAS-nummer, DID-nummer⁽¹⁾, inngåande mengd med og utan vatn, og verkemåten til alle delemne som inngår i produktet (utan omsyn til konsentrasjon), skal sendast over til det rette organet. Ei prøve av illustrasjonen på emballasjen som viser tilrådd dosering, skal sendast over til det rette organet.

For kvart delemne skal det sendast over tryggleiksdatablad til det rette organet i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006⁽²⁾.

DID-lista kan finnast på nettstaden for EU-miljømerket: http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/ecolabelled_products/categories/did_list_en.htm

KRITERIUM FOR EU-MILJØMERKET

Kriterium 1 — Krav til dosering

Doseringa svarar til den tilrådde doseringa i g/kg vask (pulver/tablettar) eller ml/kg vask (flytande vaskemiddel). Den tilrådde doseringa for ein vasshardleik på 2,5 mmol CaCO₃/l for høvesvis normalt skitne tekstilar (storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel) og lett skitne tekstilar (finvaskemiddel) skal nyttast.

Doseringa skal ikkje overstige dei følgjande mengdene:

Produkttype	Dosering, pulver/tablett	Dosering, flytande/gel
Storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel	17,0 g/kg vask	17,0 ml/kg vask
Finvaskemiddel	17,0 g/kg vask	17,0 ml/kg vask
Flekkfjerner (berre førebehandling)	2,7 g/kg vask	2,7 ml/kg vask(*)

(*) Pårekna gjennomsnittleg dosering som skal nyttast ved utrekning av CDV-verdien. Den faktiske doseringa er avhengig av talet på flekker i den aktuelle tøymengda. Den pårekna dosen er basert på ei dosering med 2 ml per påføring og seks påførningar per tøymengd på 4,5 kg (flytande flekkfjerner).

Dersom det finst tilrådingar for både førevask og hovudvask, skal den samla tilrådde doseringa (førevask + hovudvask) ikkje overstige det høgste doseringsnivået.

Vurdering og kontroll: Den fullstendige samansetnaden til produktet, etiketten eller illustrasjonane, med doseringsretteleing. Det skal opplystast om densitet (g/ml) for alle produkt (anten på emballasjen eller i eit tryggleiksdatablad).

Kriterium 2 — Giftverknad for vassorganismar: kritisk fortynningsvolum (CDV)

Det kritiske fortynningsvolumet til produktet skal ikkje overstige dei følgjande grenseverdiane (CDV_{kronisk}):

⁽¹⁾ DID-nummeret er det nummeret delemnet har i DID-lista (databasen for delemne i vaskemiddel), og vert nytta til å vurdere om kriterium 2 og 3 er oppfylte. Sjå tillegg I.

⁽²⁾ TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1.

Produkttype	CDV _{kronisk}
Storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel (alle former)	35 000 l/kg vask
Finvaskemiddel (alle former)	20 000 l/kg vask
Flekkfjerner (berre førebehandling)	3 500 l/kg vask(*)

(*) CDV-grensa er basert på ei påreknad dosering med 2 ml per påføring og seks påføringar per tøymengd på 4,5 kg for ein flytande flekkfjerner. Produkt som t.d. har pulver- eller pastaform, skal oppfylle det same kravet til CDV-grensa.

Kritisk fortynningsvolum for giftverknad (CDV_{kronisk}) vert rekna ut for kvart einskilt delemne (i) i produktet etter denne likninga:

$$CDV_{kronisk} = \sum CDV_{(i)} = \sum \frac{vekt_{(i)} \times DF_{(i)}}{TF_{kronisk(i)}} \times 1\,000$$

der

vekt (i) = vekt til delemnet per tilrådd dose

DF = nedbrytingsfaktoren

TF = faktoren for den kroniske giftverknaden til stoffet, slik det er ført opp i DID-lista.

Konserveringsmiddel, fargestoff og duftstoff som finst i produktet, skal òg takast med i utrekninga av CDV-verdien, sjølv om konsentrasjonen er lågare enn 0,010 % (100 ppm).

Vurdering og kontroll: Utrekning av CDV_{kronisk} for produktet. Eit rekneark for utrekning av CDV-verdien er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Verdiane av parametrane DF og TF skal vere dei same som verdiane i databasen for delemne i vaskemiddel (DID-lista). Dersom stoffet ikkje er oppført i DID-lista, skal parametrane reknast ut ved hjelp av retningslinjene i del B i DID-lista, og den tilhøyrande dokumentasjonen leggjast ved.

Kriterium 3 – Evne til biologisk nedbryting hjå organiske stoff

Innhaldet i produktet av organiske stoff med manglande evne til aerob biologisk nedbryting (som ikkje er lett biologisk nedbrytelege) (aNBO) og/eller manglande evne til anaerob biologisk nedbryting (anNBO) skal ikkje overstige følgjande grenseverdjar:

aNBO

Produkttype	aNBO, pulver	aNBO, flytande/gel
Storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel	1,0 g/kg vask	0,55 g/kg vask
Finvaskemiddel	0,55 g/kg vask	0,30 g/kg vask
Flekkfjerner (berre førebehandling)(*)	0,10 g/kg vask	0,10 g/kg vask

(*) aNBO-grensa er basert på ei påreknad dosering med 2 ml per påføring og seks påføringar per tøymengd på 4,5 kg for ein flytande flekkfjerner.

anNBO

Produkttype	anNBO, pulver	anNBO, flytande/gel
Storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel	1,3 g/kg vask	0,70 g/kg vask

Produkttype	anNBO, pulver	anNBO, flytande/gel
Finvaskemiddel	0,55 g/kg vask	0,30 g/kg vask
Flekkfjerner (berre førebehandling)(*)	0,10 g/kg vask	0,10 g/kg vask

(*) anNBO-grensa er basert på ei pårekna dosering med 2 ml per påføring og seks påføringar per tøyemengd på 4,5 kg for ein flytande flekkfjerner.

Vurdering og kontroll: Utrekning av aNBO og anNBO for produktet. Eit rekneark for utrekning av aNBO- og anNBO-verdiane er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Sjå DID-lista. For delemne som ikkje er oppførte i DID-lista, skal det gjevast relevante opplysningar frå litteraturen eller frå andre kjelder, eller relevante prøvingsresultat, som syner at dei har evne til aerob og anaerob biologisk nedbryting. Sjå tillegg I.

Merknad: TAED bør reknast for å vere anaerob biologisk nedbryteleg.

Kriterium 4 – Stoff og stoffblandingar som ikkje må nyttast eller berre kan nyttast i avgrensa omfang

a) Delemne som ikkje skal nyttast

Følgjande delemne må ikkje nyttast i produktet, verken som del av sjølve samansetnaden eller som del av ei stoffblanding som utgjer ein del av samansetnaden:

- Fosfat
- EDTA (etylendiamintetraacetat)
- Nitromoskus og polysyklisk moskus

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei utfylt og underteikna samsvarsfråsegn.

b) Farlege stoff og stoffblandingar

I samsvar med artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 om EU-miljømerket skal produktet eller delar av produktet ikkje innehalde stoff eller stoffblandingar som oppfyller kriteria for klassifisering i dei fareklassane eller -kategoriane som er oppførte nedanfor og er fastsette i forordning (EF) nr. 1272/2008, eller stoff som er nemnde i artikkel 57 i forordning (EF) nr. 1907/2006.

Liste over faresetningar:

GHS-faresetning ⁽¹⁾	EU-risikosetning ⁽²⁾
H300 Dødeleg ved svelging	R28
H301 Giftig ved svelging	R25
H304 Kan vere dødeleg ved svelging dersom det kjem ned i luftvegane	R65
H310 Dødeleg ved hudkontakt	R27
H311 Giftig ved hudkontakt	R24
H330 Dødeleg ved innanding	R23/26
H331 Giftig ved innanding	R23
H340 Kan føre til genetiske skadar	R46
H341 Mistenkt for å kunne gje genetiske skadar	R68
H350 Kan føre til kreft	R45
H350i Kan føre til kreft ved innanding	R49
H351 Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40

GHS-faresetning ⁽¹⁾	EU-risikosegning ⁽²⁾
H360F Kan skade forplantingsevna	R60
H360D Kan gje fosterskadar	R61
H360FD Kan skade forplantingsevna. Kan gje fosterskadar	R60/61/60-61
H360Fd Kan skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R60/63
H360Df Kan gje fosterskadar. Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R61/62
H361f Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna	R62
H361d Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R63
H361fd Mistenkt for å kunne skade forplantingsevna. Mistenkt for å kunne gje fosterskadar	R62-63
H362 Kan skade barn som vert amma	R64
H370 Fører til organskadar	R39/23/24/25/26/27/28
H371 Kan føre til organskadar	R68/20/21/22
H372 Fører til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/25/24/23
H373 Kan føre til organskadar ved langvarig eller fleire gongers eksponering	R48/20/21/22
H400 Svært giftig for liv i vatn	R50
H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R50-53
H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R51-53
H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn	R52-53
H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn	R53
EUH059 Farleg for ozonlaget	R59
EUH029 Ved kontakt med vatn vert det utvikla giftig gass	R29
EUH031 Ved kontakt med syre vert det utvikla giftig gass	R31
EUH032 Ved kontakt med syre vert det utvikla svært giftig gass	R32
EUH070 Giftig ved kontakt med auga	R39-41

Sensibiliserande stoff

H334: Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	R42
H317: Kan utløse ein allergisk hudreaksjon	R43

(1) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1272/2008 av 16. desember 2008 om klassifisering, merking og emballering av stoffer og stoffblandinger, om endring og oppheving av direktiv 67/548/EØF og 1999/45/EF, og om endring av forordning (EF) nr. 1907/2006 (TEU L 353 av 31.12.2008, s. 1).

(2) Rådskdirektiv 67/548/EØF med tilpassing til REACH i samsvar med europaparlaments- og rådskdirektiv 2006/121/EF og europaparlaments- og rådskdirektiv 1999/45/EF med endringar.

Dette kriteriet skal nyttast på alle delemler som finst i konsentrasjonar $\geq 0,010$ %, medrekna konserveringsmiddel, fargestoff og duftstoff.

Bruken av stoff eller stoffblandingar som endrar eigenskapane sine ved behandling (slik at dei t.d. ikkje lenger er biotilgjengelege, eller slik at dei endrar seg kjemisk) på ein slik måte at den påviste faren ikkje lenger ligg føre, er ikkje omfatta av kravet som er nemnt ovanfor.

Unntak: følgjande stoff eller stoffblandingar er ikkje omfatta av dette kravet:

Overflateaktive stoff I konsentrasjonar < 25 % i produktet	H400 Svært giftig for liv i vatn	R 50
Biocid som vert nytta til konservering(*)	H410 Svært giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn H411 Giftig, med langtidsverknad, for liv i vatn	R50-53 R51-53
Duftstoff	H412 Skadeleg, med langtidsverknad, for liv i vatn	R52-53
Biocid som vert nytta til konservering(*)		
Enzym(**)	H334: Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding	R42
Bleikjemiddelkatalysatorar(**)		
Enzym(**)	H317: Kan utløse ein allergisk hudreaksjon	R43
Bleikjemiddelkatalysatorar(**)		
NTA som urenske i MGDA og GLDA(***)	H351: Mistenkt for å kunne føre til kreft	R40
Optiske kvitgjeringsmiddel (berre for storvaskemiddel)	H413 Kan føre til skadelege langtidsverknader for liv i vatn	R53

(*) Som nemnt i kriterium 4 bokstav e). Dette unntaket skal nyttast på det vilkåret at bioakkumuleringspotensialet til biocida er kjenneteikna ved ein log Pow-verdi (fordelingskoeffisienten oktanol/vatn) < 3,0 eller ved ein biokonsentrasjonsfaktor (BCF) ≤ 100, fastsett ved forsøk.

(**) Medrekna stabilisatorar og andre hjelpestoff i stoffblandingane.

(***) I konsentrasjonar under 1,0 % i råmaterialet, så lenge den samla konsentrasjonen i sluttproduktet er lågare enn 0,10 %.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden. Søkjaren skal òg leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med tilhøyrande dokumentasjon, t.d. samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane av materiala, og kopiar av relevante tryggleiksdatablad for stoff eller stoffblandingar.

c) *Stoff som er oppførte i samsvar med artikkel 59 nr. 1 i forordning (EF) nr. 1907/2006*

Det skal ikkje gjevast unntak frå utelatinga i artikkel 6 nr. 6 i forordning (EF) nr. 66/2010 for stoff som er identifiserte som stoff som gjev svært stor grad av uro, og som er oppførte i den lista som er nemnd i artikkel 59 i forordning (EF) nr. 1907/2006, når desse finst i stoffblandingar i konsentrasjonar som er høgare enn 0,010 %.

Vurdering og kontroll: Lista over stoff som er identifiserte som stoff som gjev svært stor grad av uro, og som er oppførte i kandidatlista i samsvar med artikkel 59 i forordning (EF) nr. 1907/2006, kan finnast her: http://echa.europa.eu/chem_data/authorisation_process/candidate_list_table_en.asp

Tilvisinga til lista skal gjerast på søknadsdatoen. Søkjaren skal leggje fram for det rette organet ei nøyaktig utgreiing om produktsamansetnaden. Søkjaren skal òg leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med tilhøyrande dokumentasjon, t.d. samsvarsfråsegner som er underteikna av leverandørane av materiala, og kopiar av relevante tryggleiksdatablad for stoff eller stoffblandingar.

d) *Delemne som berre kan nyttast i avgrensa omfang – duftstoff*

Alle delemne som vert tilsette som duftstoff i produktet, skal vere produserte og handsama etter dei reglane for god praksis som er fastsette av International Fragrance Association (IFRA). Reglane kan finnast på nettstaden til IFRA: <http://www.ifraorg.org>

Produsenten skal følgje tilrådingane i IFRA-standardane om forbod, avgrensa bruk av og særlege reinleikskriterium for materiala.

Duftstoff som er underlagde opplysningskravet som er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 648/2004 om vaske- og reingjeringsmiddel (vedlegg VII), og som ikkje alt er utelatne ved kriterium 4 bokstav b), og (andre) duftstoff som er klassifiserte med H317/R43 (Kan utløyse ein allergisk hudreaksjon) og/eller H334/R42 (Kan gje allergi- eller astmasymptom eller pustevanskar ved innanding), skal ikkje finnast i mengder $\geq 0,010$ % (≥ 100 ppm) per stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei underteikna samsvarsfråsegn med opplysningar om mengda av duftstoff i produktet. Søkjaren skal òg gje ei fråsegn frå duftstoffprodusenten med opplysningar om innhaldet av kvart av dei stoffa som finst i duftstoffa og er oppførte i del I i vedlegg III til rådsdirektiv 76/768/EØF, og om innhaldet av (andre) stoff som er tildelte risikosegning H317/R43 og/eller H334/R42.

e) *Biocid*

- i) Produktet kan berre innehalde biocid for å konservere produktet, og doseringa skal vere tilpassa berre for dette føremålet. Dette gjeld ikkje for overflateaktive stoff, som òg kan ha biocidliknande eigenskapar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram kopiar av tryggleiksdatablada for alle tilsette konserveringsmiddel, saman med opplysningar om den nøyaktige konsentrasjonen deira i produktet. Produsenten eller leverandøren av konserveringsmidla skal leggje fram opplysningar om den doseringa som er naudsynt for konservering av produktet (t.d. resultat av ei stabilitetsprøving av produktet, eller tilsvarende prøvingar).

- ii) Det er forbode å hevde eller føreslå på emballasjen eller på annan måte at produktet har ein antimikrobiell verknad.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram for det rette organet dei tekstene og den utforminga som skal nyttast på kvar emballasjetypane, og/eller eit døme på kvar av dei ulike emballasjetypane.

Kriterium 5 — Krav til emballasje

a) *Vekt/nytte-høve (WUR)*

Wekt/nytte-høvet (WUR) til produktet skal ikkje overstige dei følgjande verdiane:

Produkttype	WUR
Pulverform	1,2 g/kg vask
Andre former (t.d. flytande, gel, tablettar, kapslar)	1,5 g/kg vask

WUR skal utreknast berre for primæremballasjen (medrekna kapslar, proppar og handpumper/sprøyteinnretningar) ved å nytte følgjande formel:

$$WUR = \sum[(W_i + U_i)/(D_i * r_i)]$$

der

W_i = vekta (g) av emballasjekomponenten (i), eventuelt medrekna etikett.

U_i = vekta (g) av ikkje-attvunne (nytt) materiale i emballasjekomponenten (i). Dersom mengda av attvunne materiale i emballasjekomponenten er 0 %, er $U_i = W_i$.

D_i = talet på funksjonelle einingar i emballasjekomponenten (i). Funksjonell eining = dosering i g/kg vask.

r_i = attvinningstalet, dvs. så mange gonger emballasjekomponenten (i) vert nytta for det same føremålet gjennom eit retur- eller etterfyllingssystem. Standardverdien for r er sett til 1 (= ingen ombruk). Berre dersom søkjaren kan dokumentere at emballasjekomponenten vert nytta om att for det same føremålet, kan det nyttast ein høgare verdi for r i utrekninga.

Unntak:

Emballasje av plast/papir/papp som inneheld meir enn 80 % attvunne materiale, er ikkje omfatta av dette kravet.

Emballasjen vert rekna som attvunnen dersom råmaterialet som er nytta til å lage emballasjen, er samla inn frå emballasjeprodusentar i distribusjons- eller forbrukarledet. Dersom råmaterialet er industriavfall frå materialprodusenten sin eigen produksjonsprosess, skal materialet ikkje reknast som attvunne.

Vurdering og kontroll: Utrekning av vekt/nytte-høvet (WUR) til produktet. Eit rekneark for denne utrekninga er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket. Det skal gjerast greie for innhaldet av attvunne materiale i emballasjen. For å få godkjent etterfyllingsemballasjen skal søkjaren og/eller detaljisten dokumentere at etterfyllingsprodukta kan kjøpast på marknaden.

b) *Plastemballasje*

Plastemballasje kan berre innehalde ftalat som på tidspunktet då det vart søkt om tildeling av miljømerket, har gjennomgått ei risikovurdering, og som ikkje er klassifiserte i samsvar med kriterium 4 bokstav b) (og kombinasjonar av dette).

c) *Merking av plastemballasje*

For å gjere det lettare å identifisere ulike delar av emballasjen med sikte på attvinning, skal plastdelar i primæremballasjen merkjast i samsvar med standarden DIN 6120 del 2 eller tilsvarande. Kapslar og pumper er ikkje omfatta av dette kravet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei utfylt og underteikna samsvarsfråsegn.

Kriterium 6 — Vaskeevne (dugleik)

Produktet skal oppfylle krava til vaskeevne slik det er gjort greie for når det gjeld den aktuelle produkttypen i samsvar med den siste utgåva av prøvinga av vaskeevna til tekstilvaskemiddel med EU-miljømerking, som er å finne her: http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/ecolabelled_products/categories/laundry_detergents_en.htm

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport med opplysningar om at produktet oppfyller dei minstekrava som er definerte i denne prøvinga.

Kriterium 7 — Poeng

a) *Storvaskemiddel, kulørtvaskemiddel*

Produktet skal oppnå minst tre poeng frå tabellen nedanfor. Det kan oppnåast opp til åtte poeng for produkt til bruk i kaldt vatn, sju poeng for produkt til bruk ved låg temperatur og seks poeng for andre produkt.

Klimaprofil	Produkt til bruk i kaldt vatn (vaskeevne dokumentert ved ≤ 20 °C)	2P
	Produkt til bruk ved låg temperatur (vaskeevne dokumentert ved > 20 °C til < 30 °C)	1P
Høgste dosering	Høgste dosering ≤ 14 g/kg vask (pulver, tablett) eller ≤ 14 ml/kg vask (flytande, gel)	2P
	Høgste dosering ≤ 16 g/kg vask (pulver, tablett) eller ≤ 16 ml/kg vask (flytande, gel)	1P
CDV	$CDV_{\text{kronisk}} < 25\,000$ l/kg vask	2P
	CDV_{kronisk} frå 25 000 til 30 000 l/kg vask	1P
aNBO	$aNBO \leq 75$ % av grenseverdien	1P
anNBO	$anNBO \leq 75$ % av grenseverdien	1P
Lågaste poengsum som må oppnåast for tildeling av EU-miljømerket		3P

b) *Finvaskemiddel*

Produktet skal oppnå minst tre poeng frå tabellen nedanfor. Det kan oppnåast opp til åtte poeng for produkt til bruk i kaldt vatn, sju poeng for produkt til bruk ved låg temperatur og seks poeng for andre produkt.

Klimaprofil	Produkt til bruk i kaldt vatn (vaskeevne dokumentert ved ≤ 20 °C)	2P
	Produkt til bruk ved låg temperatur (vaskeevne dokumentert ved > 20 °C til < 30 °C)	1P

Høgste dosering	Høgste dosering ≤ 14 g/kg vask (pulver, tablett) <i>eller</i> ≤ 14 ml/kg vask (flytande, gel)	2P
	Høgste dosering ≤ 16 g/kg vask (pulver, tablett) <i>eller</i> ≤ 16 ml/kg vask (flytande, gel)	1P
CDV	CDV _{kronisk} $< 15\,000$ l/kg vask	2P
	CDV _{kronisk} frå $15\,000$ til $18\,000$ l/kg vask	1P
aNBO	aNBO ≤ 75 % av grenseverdien	1P
anNBO	anNBO ≤ 75 % av grenseverdien	1P
Lågaste poengsum som må oppnåast for tildeling av EU-miljømerket		3P

Vurdering og kontroll: Utrekning av den samla poengsummen for produktet. Eit rekneark for denne utrekninga er tilgjengeleg på nettstaden for EU-miljømerket.

Kriterium 8 — Forbrukeropplysning

a) Doseringsretteleiing

Det skal opplysast om tilrådd dosering for «normalt» og «svært» skitne tekstilar, om dei ulike vasshardleiksgradane som er relevante for dei statane som det gjeld, og kva dosering som vert rekna som høveleg etter vekta av tekstilane. (Gjeld ikkje for flekkfjernarar).

Skilnaden mellom tilrådd dosering for vatn med den lågaste hardleiksgraden (blautt vatn) for normalt skitne tekstilar og den høgste hardleiksgraden (hardt vatn) for svært skitne tekstilar skal ikkje variere med ein faktor som er større enn 2. (Gjeld ikkje for flekkfjernarar).

Referansedoseringa som er nytta for prøving av vaskeevne og for å vurdere om delemna oppfyller miljøkriteria, skal vere den same som den tilrådde doseringa som er påført emballasjen for «normalt skitne» tekstilar ved ein vasshardleik som svarar til $2,5$ mmol CaCO_3/l .

Dersom det berre er teke med ein vasshardleik på mindre enn $2,5$ mmol CaCO_3/l i tilrådingane, skal den høgste tilrådde doseringa for «normalt skitne» tekstilar vere lågare enn den referansedoseringa som er nytta i prøvinga av vaskeevne (vasshardleik $2,5$ mmol CaCO_3/l).

b) Opplysningar på emballasjen

Følgjande vasketilrådingar (eller tilsvarande) skal påførast emballasjen til produkt med EU-miljømerket i produktgruppa, bortsett frå flekkfjernarar til førebehandling. Vasketilrådingane kan gjevast anten som tekst eller symbol:

- «← Vask med lågast mogleg temperatur
- Vask alltid med full vaskemaskin
- Følg doseringsretteleiinga, og bruk vaskemiddel etter kor skiten vasken er og kor hardt vatnet er
- Vask alltid sengetøy ved 60 °C dersom du er allergisk mot husstøv. Auk vasketemperaturen til 60 °C ved infeksjonssjukdommar.

Bruken av dette EU-miljømerkte produktet og denne doseringsretteleiinga vil medverke til mindre vassureining, avfallsproduksjon og energiforbruk.»

c) Påstandar på emballasjen

Generelt skal påstandar på emballasjen dokumenterast anten ved prøving av vaskeevne eller annan relevant dokumentasjon (t.d. påstandar om effektivitet ved låge temperaturar, påstandar om fjerning av visse typar flekker, påstandar om føremoner ved visse tekstiltypar eller tekstilfargar, eller andre påstandar om særlege eigenskapar/føremoner ved produktet).

- Dersom det t.d. ligg føre påstandar om at eit produkt er effektivt ved 20 °C, må effektivitetsprøvinga utførast ved ≤ 20 °C (og tilsvarande for andre påstandar om temperaturar under 30 °C).

- Dersom det t.d. ligg føre påstandar om at eit produkt er effektivt mot visse typar flekker, må dette dokumenterast med ei effektivitetsprøving.

d) *Opplysningar på emballasjen — tilleggskrav til flekkjernarar*

Produktet skal ikkje innehalde påstandar om flekkjerning dersom det ikkje er utført prøving av vaskeevna.

Vurdering og kontroll (a–d): Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av produktetiketten, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt. Påstandar om produktet skal dokumenterast gjennom høvelege prøvingsrapportar eller annan relevant dokumentasjon.

Kriterium 9 — Opplysningar på EU-miljømerket

Eit valfritt merke med tekstfelt skal innehalde følgjande tekst:

- «– Redusert miljøverknad på økosystem i vatn
- Avgrensa bruk av farlege stoff
- Har gjennomgått prøving av vaskeevne.»

Retningslinjene for bruk av det valfrie merket med tekstfelt kan finnast i «Guidelines for use of the Ecolabel logo» på følgjande nettstad: http://ec.europa.eu/environment/ecolabel/promo/logos_en.htm

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram eit eksemplar av merket.

*Tillegg I***Databasen for delemne i vaskemiddel (DID-lista)**

DID-lista (del A) er ei liste som inneheld opplysningar om giftverknad i vatn og evne til biologisk nedbryting hjå delemne som ofte vert nytta i vaskemiddelsamansetnader. Lista inneheld opplysningar om giftverknaden og evna til biologisk nedbryting hjå ei rekkje stoff som vert nytta i vaskemiddel og reingjeringsmiddel. Lista er ikkje uttømmende, men del B i DID-lista inneheld retningslinjer for fastsetjing av relevante utrekningsparametrar for stoff som ikkje er oppførte i DID-lista (t.d. faktor for giftverknad (TF) og nedbrytingsfaktor (DF), som vert nytta ved utrekning av kritisk fortynningsvolum). Lista er ei allmenn informasjonskjelde, og stoff som er oppførte i DID-lista, er ikkje automatisk godkjende for bruk i produkt som har fått tildelt EU-miljømerket. DID-lista (del A og B) kan finnast på nettstaden for EU-miljømerket.

For stoff som det ikkje finst opplysningar om når det gjeld giftverknad i vatn og nedbrytingsevne, kan det nyttast stoff med liknande struktur for å vurdere TF- og DF-verdien. Slike strukturelle jamføringar skal godkjennast av det rette organet som tildeler EU-miljømerket. Som alternativ kan det nyttast ei vurdering basert på verst tenkjelege tilfelle, ved bruk av parametrane nedanfor:

Verst tenkjelege tilfelle:

Delemne	Akutt giftverknad			Kronisk giftverknad			Nedbryting		
	LC50/EC50	SF _(akutt)	TF _(akutt)	NOEC(*)	SF _(kronisk) (*)	TF _(kronisk)	DF	Aerob	Anaerob
«Nemning»	1 mg/l	10 000	0,0001			0,0001	1	P	N

(*) Dersom det ikkje ligg føre opplysningar om kronisk giftverknad, skal desse kolonnane stå tomme. I så fall er TF(kronisk) definert som lik TF(akutt).

Dokumentasjon som syner evne til lett biologisk nedbryting

Følgjande metodar for prøving av evne til lett biologisk nedbryting skal nyttast:

- 1) Fram til 1. desember 2010 og i overgangsperioden frå 1. desember 2010 til 1. desember 2015:

Dei metodane for prøving av evne til lett biologisk nedbryting som er fastsette i direktiv 67/548/EØF, særleg dei metodane som det er gjort greie for i del C nr. 4 i vedlegg V til det nemnde direktivet, dei tilsvarande prøvingsmetodane i OECD 301 A–F eller ISO-prøvingar som svarar til desse.

Prinsippet om ei tidagarsgrense skal ikkje nyttast når det gjeld overflateaktive stoff. Godkjenningsnivåa skal vere 70 % for dei prøvingane som er nemnde i del C nr. 4-A og del C nr. 4-B i vedlegg V til direktiv 67/548/EØF (og dei tilsvarande OECD 301 A- og E-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse), og 60 % for C4-C-, D-, E- og F-prøvingane (og dei tilsvarande OECD 301 B-, C-, D- og F-prøvingane og ISO-prøvingar som svarar til desse).

- 2) Etter 1. desember 2015 og i overgangsperioden frå 1. desember 2010 til 1. desember 2015:

Dei relevante prøvingsmetodane som er fastsette i forordning (EF) nr. 1272/2008.

Dokumentasjon som syner evne til anaerob biologisk nedbryting

EN ISO 11734, ECETOC nr. 28 (juni 1988), OECD 311 eller tilsvarande prøvingsmetode skal nyttast for referanseprøvinga for evne til anaerob nedbryting, med krav om evne til minst 60 % nedbryting under anaerobe tilhøve. Prøvingsmetodar som simulerer tilhøva i eit relevant anaerobt miljø, kan òg nyttast for å dokumentere at kravet om evne til minst 60 % nedbryting er oppnådd under anaerobe tilhøve.

Ekstrapolering for stoff som ikkje er oppførte i DID-lista

For delemne som ikkje er oppførte i DID-lista, kan følgjande metode nyttast for å skaffe den naudsynte dokumentasjonen som syner evne til anaerob biologisk nedbryting:

- 1) Rimeleg ekstrapolering skal nyttast. Bruk prøvingsresultata frå eitt råmateriale til å ekstrapolere den best moglege evna til anaerob nedbryting hjå strukturelt nærskylde overflateaktive stoff. Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff (eller for ei gruppe homologar) i samsvar med DID-lista, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. har C 12-15 A 1-3 EO-sulfat (nr. 8 i DID-lista) evne til anaerob biologisk nedbryting, og det er då grunn til å gå ut frå at C12-15 A 6 EO-sulfat har ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting). Dersom evna til anaerob biologisk nedbryting er vorten stadfesta for eit overflateaktivt stoff ved hjelp av ein høveleg prøvingsmetode, er det grunn til å gå ut frå at eit liknande overflateaktivt stoff òg vil ha evne til anaerob biologisk nedbryting (t.d. kan

opplysningar frå litteraturen som stadfestar evne til anaerob biologisk nedbryting hjå overflateaktive stoff i gruppa ammoniumsalt av alkylesterar, nyttast til å dokumentere ei liknande evne til anaerob biologisk nedbryting hjå andre kvaternære ammoniumsalt som inneheld estersambindingar i alkylkjeda eller alkylkjedene).

- 2) Utfør masseundersøkingssprøving for evne til anaerob nedbryting. Dersom ny prøving er naudsynt, skal det utførast ei masseundersøkingssprøving ved hjelp av EN ISO 11734, ECETOC nr. 28 (juni 1988), OECD 311 eller ein tilsvarande metode.
 - 3) Utfør prøving av nedbrytingsevne med låg dose. Dersom ny prøving er naudsynt, og dersom det oppstår problem med utføringa av masseundersøkingssprøvinga (t.d. hemming på grunn av giftverknad i prøvestoffet), skal prøvinga gjerast om att med ein låg dose av det overflateaktive stoffet, og nedbrytinga overvakast ved hjelp av C¹⁴-metoden eller kjemiske analysar. Prøving med låge dosar kan utførast ved hjelp av metoden OECD 308 (august 2000) eller ein tilsvarande metode.
-